

---

**Fra:** Postmottak Lindås  
**Sendt:** 13. mai 2014 14:14  
**Til:** Trine Haukås  
**Emne:** VS: Avslag på søknad om mellombels bruksløyve - gbnr 202/26 Hjelmås  
- Hellesneset

---

**Fra:** Terje Seim [<mailto:terje@seimbygg.no>]  
**Sendt:** 13. mai 2014 14:14  
**Til:** Benjamin Hicks  
**Kopi:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Re: Avslag på søknad om mellombels bruksløyve - gbnr 202/26 Hjelmås - Hellesneset

Hei

Denne sendte jeg i sist uke men har ikke fått svar enda, kan noen venligst ta tak i dette?

Den 6. mai 2014 kl. 19:51 skrev Terje Seim:

Hei Benjamin

Da er alle arbeider som medfører fare for liv og helse ect. utførte og vi holder på med siste rest av opprydding og avsluttende pyntearbeider.

Håper vi kan få et vedtak som gjør at kundene kan flytte inn neste Torsdag som planlagt ( 15/5-2014 )

<[Untitled].pdf>

Med vennlig hilsen

Terje Seim  
Dagligleder

Seim Bygg as  
Nesbrekka 28  
5912 Seim  
Mob: 93004156  
E-Post: [terje@seimbygg.no](mailto:terje@seimbygg.no)

Den 16. apr. 2014 kl. 14:23 skrev Benjamin Hicks:

Seim Bygg AS  
Terje Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3664 - 14/9360

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
[Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no](mailto:Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no)

Dato:  
16.04.2014

## Avslag på søknad om mellombels bruksløyve - gbnr 202/26 Hjelmås - Hellesneset

Kommunen gjev avslag på søknad om mellombels bruksløyve journalført den 14.04.2014, jf. plan- og bygningslova § 21-10, jf. SAK § 8-1 (3).

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

### Vurdering

Kommunens adgang til å gi mellombels bruksløyve er eit unntak frå hovudregelen om ferdigattest. Omsynet bak mellombels bruksløyve er at det i enkelte tilfelle kan vere trong for bruk av eit slikt løyve. Til dømes der tiltakshavar sjølv skal slutføre kjellaretasjen eller loftsetasjen.

For at bygningsstyresmaktene kan gi mellombels bruksløyve, må det ikkje ligge føre tilhøve som har betydning for liv og helse eller representerer eit grovt avvik frå gitte løyve. Kriteriene for mellombels bruksløyve er dei same som tidlegare, men bruksløyve gis etter kommunens skjønn, og det er ikkje noko utbygger automatisk har krav på. Dette gjeld sjølv om det som gjenstår anses som mindre vesentleg.

Der det vert søkt om mellombels bruksløyve, skal søkjar identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande sikkerhetsnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling, jf. SAK § 8-1. Det går fram av søknaden at tiltaket ikkje har «tilstrekkelig sikkerhetsnivå til å tas i bruk». Vidare går det fram at trappemontering og montering av sanitæranlegg gjenstår, og at detter er «gjenståande arbeider av mindre vesentlig betydning». I telefonstamtale med Seim Bygg den 16.04.2014 vart det opplyst at det er

intern trappemontering som manglar og at toalettene ikkje er montert. Det var uttalt at det ikkje er mogleg å flytte inn i bygget på dette tidspunktet.

Vilkåra for at kommunen kan gi mellombels bruksløyve etter § 21-10 er at «det gjenstår mindre vesentleg arbeid og kommunen finner det ubetenkelig». Kommunen kan ikkje gi mellombels bruksløyve når vilkåra i plan- og bygningslova § 21-10 ikkje ligg føre.

Kommunen vil ikkje gje mellombels bruksløyve der bygget ikkje kan tas i bruk etter sin funksjon. Etter det vi har fått opplyst har ikkje tiltaket «tilstrekkelig sikkerhetsnivå til å tas i bruk», og det gjenstår arbeider som etter vårt skjønn ikkje kan karakteriserast arbeider av «mindre vesentlig betydning».

Ut frå dette synes det samla tiltaket å ha større avvik frå gitte løyve til at det kan gis bruksløyve. Manglane er av ein art som kan ha negativ innverknad på liv og helse. Frå kommunens synspunkt vil det vere «betenkelig» å godkjenne søknad om mellombels bruksløyve på noverande tidspunkt.

Vilkåra for mellombels bruksløyve ligg ikkje føre.

### **Gebyr**

Søknadspåpliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.8 mellombes bruksløyve	1	2.800
Totalt å betale:		<b>2.800</b>

### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Majo Eiendom/Seim Bygg

Nesbrekka 28

5912

SEIM

**Mottakarar:**  
Seim Bygg AS

---

Denne epost har blitt kontrollert for virus og ondsinnet kode av [Comendo](#)

---